



Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2010000542-22 Saksh: Ingunn Bakke Arkivkode Dato:
Journalpostid: 2011006016 Telefon: 53 65 40 74 K2-K60 30.03.2011

OK-sak nr. 023/11. Hardangerfjorden: Høring av forslag til særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd

Vedlagt følger vedtak.

Venleg helsing
For Arkivet / Sekretariatet

Ingunn Bakke
førstesekretær

Andre mottakarar:

Fiskeri- og kystdepartementet	Postboks 8118 Dep	0032	OSLO
Hardangerfjord Villfisklag	Røynstrand	5736	GRANVIN
Hardangerrådet		5780	KINSARVIK
Styringsgruppa for Piloten for Hardangerfjorden	v/Fiskeridirektoratet	5804	BERGEN

Eit levande kraftsenter

Arkivet / Sekretariatet	Org.nr:	964 967 814	Telefon:	53 65 40 00
Telefaks: 53 65 40 71	Bankgiro:	3201.50.24584	Telefaks:	53 65 40 51
Opheimsgata 31	Innbetaling skatt:	7855.05.12288	Epost:	epost@odda.kommune.no
5750 ODDA				



SAKSGANG			
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Odda kommunestyre	23.03.2011	023/11	RBo34258

Hardangerfjorden: Høring av forslag til særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev frå Fiskeri - og kystdepartementet om: Særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden.
- 2 Uttale frå Fiskeri og havbruksnæringens landsforening / Vestnorsk havbrukslag om estimert effekt for næringa
- 3 OK sak 79/09: Forslag til særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i Hardangerfjorden – høring.
- 4 *Event andre relevante dokument som kjem inn før OK -møtet 23. mars*

Framlagt:

- 1 Utgreiing frå Wikborg Rein; Spørsmål om konsekvensutgreiing : Forslag til innføring av ny Hardangerfjordforskrift

Saka skal sendast ut av: Sekretariatet

Særutskrift skal sendast til: Fiskeri- og Kystdepartementet; Hardangerrådet, Stryingsgruppa for Piloten for Hardangerfjorden ved Fiskeridirektoratet

Ordføraren sitt framlegg til vedtak :

1. Odda kommunestyre er grunnleggande samd i dei tiltak som ligg nedfelt i forslag til særskilte tiltak er naudsynte med tanke på å makta reetablera dei ville lakse- og sjøaurestammene i Hardangerfjordbassenget på eit bærekraftig nivå – dvs. slik at dei kan haustast. Dei ville anadrome fiskestammene har både eigenverdi, miljøverdi og verdiskapingverdi.
2. Odda kommunestyre er medvitne om at tiltaka på kort sikt kan gi havbruksnæringa betydeleg utfordringar jamf vedlegg 2 i saka. Dette kan likevel ikkje stå i vegen for kravet om at ei berekraftig marin forvaltning av Hardangefjordkomplekset inkl. elvesida må inkludera livskraftige villfiskstammer av laks og sjøaure og at forvaltninga til no i sum har medført at så ikkje er tilfelle.
3. Odda kommunestyre er samd i at det marine miljøet i Hardangerfjorden har vore / er slik at dei ville laks og sjøaurebestandane har gått gjennom ein lang og negativ prosess som ikkje lenger kan halda fram. Varig effekt av gjennomførte tiltak (freding av elv, innkorta fisketid, stenging av sjøfiske med fast reiskap,

Etnefjorden som nasjonal laksefjord m.m.) let seg ikkje påvisa. Omsynet til generelt forvaltingsansvar, oppretthalding av artsmangfald og fjordsystemet som reislivsprodukt / opplevingskvalitet for fastbuande må ivaretakast. Departementet slår i høyringsdokumentet fast at situasjonen tilfredstiller dei krav som § 8 i naturmangfaldlova krev for handling. I sum må det difor gjennomførast avgrensande tiltak og avbøtande tiltak mot havbruksnæringa. Odda kommunestyre har ikkje detaljkunnskap om effekten av dei einskilde forslaga, men stiller seg bak eit syn som inneber eit meir restriktivt og betre kontrollert havbruksregime i Hardangerfjorden til beste for ei utvikling er meint å tryggja både oppdrettsnæring og sunne villfiskstammer.

Ordføraren i Odda, 15.03.2011

23.03.2011 Odda kommunestyre

Behandling:

23 repr.i salen ved saksopptak :

Kollbotn @ føreslo tillegg til pkt 3. :

Nye oppdrettsanlegg må vere lukka eller lagt på land

Ordførar Folkvord: Sak om korleis Opo igjen kan bli eit attraktivt lakseførande vassdrag kjem i vår

OK-023/11 Vedtak:

Kollbotn sitt forslag fekk 8 stemmer og fall med 15 imot

Innstillinga vart samr. vedteken

Vedtaket er:

1. Odda kommunestyre er grunnleggande samd i at dei tiltak som ligg nedfelt i forslag til særskilte tiltak er naudsynte med tanke på å makta reetablere dei ville lakse- og sjøaurestammene i Hardangerfjordbassenget på eit bærekraftig nivå – dvs. slik at dei kan haustast. Dei ville anadrome fiskestammene har både eigenverdi, miljøverdi og verdiskapingverdi.
2. Odda kommunestyre er medvitne om at tiltaka på kort sikt kan gi havbruksnæringa betydeleg utfordringar jamf. vedlegg 2 i saka. Dette kan likevel ikkje stå i vegen for kravet om at ei berekraftig marin forvaltning av Hardangefjordkomplekset inkl. elvesida og må inkludera livskraftige villfiskstammer av laks og sjøaure og at forvaltninga til no i sum har medført at så ikkje er tilfelle.
3. Odda kommunestyre er samd i at det marine miljøet i Hardangerfjorden har vore / er slik at dei ville lakse- og sjøaurebestandane har gått gjennom ein lang og negativ prosess som ikkje lenger kan halda fram. Varig effekt av gjennomførte tiltak (freding av elv, innkorta fisketid, stenging av sjøfiske med fast reiskap, Etnefjorden som nasjonal laksefjord m.m.) let seg ikkje påvisa. Omsynet til generelt forvaltingsansvar, oppretthalding av artsmangfald og fjordsystemet som reislivsprodukt og opplevingskvalitet for fastbuande må ivaretakast. Departementet slår i høyringsdokumentet fast at situasjonen tilfredstiller dei krav som § 8 i naturmangfaldlova krev for handling. I sum må det difor gjennomførast avgrensande tiltak og avbøtande tiltak mot havbruksnæringa. Odda kommunestyre har ikkje detaljkunnskap om effekten av dei einskilde forslaga, men stiller seg bak eit syn som inneber eit meir restriktivt og betre kontrollert havbruksregime i Hardangerfjorden til beste for ei utvikling som er meint å tryggja både oppdrettsnæring og sunne villfiskstammer.

Saka gjeld:

Odda kommunestyre formulerte i nov 2009 omfattande vedtak i eiga sak som svar på Fiskeri – og kystdepartementet si høyring på

” Forskrift på særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden ”

Saka i kommunestyret(OK sak 79/09) ligg som vedlegg 3 i denne saka

Vi ser denne høyringa både som ei forlenging og ei utdjuping av den ovanståande.

Saka vil ikkje i detalj gå inn for innhaldet og konsekvensane for næringa. Det vert vist til vedlegg 2 som næringa sitt syn i saka.

Det er likevel heva over all rimeleg tvil at oppdrettsnæringa i fjordsystemet har hatt eit slikt omfang og vore drive på ei slik måte at det har gått sterk ut over villfiskstammene av laks og sjøaure i heile fjordsystemet – kanskje og andre artar.

Den forskrifta som no er sendt ut på høyring har klare føringar og strammare rammevilkår for næringa .

Vi manglar sjølvsagt kompetanse til å sjå kor brekkpunktet for dei ulike miljøfaktorane er (lakselus, rømming, sjukdomar, total biomasse og kloakking m.v.)

Departementet si oppsummering er klar: (jamf høyringsdokumentet pkt 4: Økonomiske og administrative konsekvensar) :

1. Departementet legg til grunn at kunnskapsgrunnlaget ut frå saka sin karakter, og risiko for effekt på naturmangfoldet er i samsvar med dei krav som følgjer av naturmangfoldlova § 8. Det er difor etter dette ikkje naudsynt å vurdere ” føre –var – prinsippet ” jamf. naturmangfoldlova § 9*
2. Forskrifta vert føreslegen i kraft frå 01 .01.2013
3. Forskrifta tilfører forvaltinga nye kontrolloppgåver og intensivering av eksisterande og utvidar området m.a. Langenuen.
4. Forskrift medfører på kort sikt auka utgifter og byrder for oppdrettarane, men er likevel klar i talen også når det gjeld det bedriftsøkonomiske ” Departementet meiner at oppdrettarane totalt sett og over tid, likevel vil tene på dei føreslegen tiltaka. Tiltaka vil føre til betre sjukdomsstatus og betre felle handtering av drifta innanfor dei smittehygieniske fellesområda og
5. Det berande omsynet bak forslaget er eit ønskje om å redusere presset på dei ville lakserbestandane og sjøauren – m.a. for å unngå tap av biologisk mangfold.

* naturmangfoldlova § 8 og § 9 seier:

§ 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutningar som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap

Elles ser det å sei at Odda kommune har vore aktive på området både som vertskap for eit større og vellukka møte i Tyssedal i januar i år initiert av ordføraren i Odda og der forvaltinga av Hardfangefjorden var den sentrale programposten.

På møtet deltok der fiskeri – og havbruksministeren, fiskeridirektoratet, fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Mattilsynet, næringa både organisert og ved einskildrepresentantar, Hardangerrådet, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, mange av ordførarane og villfiskinteressene i Hardanger og Sunnhordland og pressa.

På dette møtet kom m.a. fiskeri og havbruksminister Berg – Hansen med signal som no er utdjupa og konkretisert i høringa om særskilte tiltak.

I tillegg har Odda kommune vore ei pådrivar for å få gjennomført Piloten for Hardangerfjorden og bidrege til at villfiskinteressene og kommunane gjennom regionråda er representert i styringsgruppa

Når det gjeld effekt av dei tiltak som vert iverksett vil det vera av særskilt verdi å få dei ulike tiltaka løpande evaluert og justert til beste for målet

- ei oppdrettsnæring som er i balanse med miljøet den er etablert i
- vitale ville stammer av laks og sjøaure i alle vassdrag som har grunnlag for det i Hardangerfjorden slik den er definert i denne høringa